

FORELDREINFO MAI 2026

Takk for godt oppmøte på årsmøte 29.april!



Og takk for innsats til dykk som har representert dei ulike klassane i FAU/SU dette skuleåret.

Det er framleis mogleg å melda seg som ny FAU leiar for neste skuleår, ta kontakt med Ragnhild Svella om du er interessert.



Vikeså skule sitt jentelag vann futsalturnering i vår. No har pokalen kome til skulen. Me gratulerer jentene på 10.trinn med velfortent siger etter max innsats!

Ungt Entreprenørskap

Bjerkreim kommune har samarbeidsavtale med Ungt Entreprenørskap. Gjennom samarbeidet arbeider me med elevbedrifter knytt til ulike fag, og kvart år har me SMART-veke på skulen. Denne veka har 6. og 7.trinn fått bryna seg på alternative idear for straumproduksjon og miljøvennlege tiltak i ein konkurranse i regi av Dalane Energi. I finalen fekk me sjå sko som lagar straum med innebygd mobilladar, dyr som blir brukt i ulike modellar for å generere straum og mange fleire kreative idear for korleis me kan vera energi-effektive. Her ser de ein fabrikk som drives av straum generert av fuglar og insekt som går gjennom ei trakt der dei får mat for strevet, og samtidig beveger ei mølle som lagar straum. Tenk om dette er Vikeså sentrum om 200 år? Takk til kreative elevar og lærarar!



Siste innspurt mot sommaren. Førskule, besøk av nye 8.klassingar, 10.kl fest, munnleg eksamen, karakterkort, sommaravsluttingar og rydding og klargjering til neste skuleår er på trappene.

Me ønsker alle ei fin siste mai-helg. Siste skuledag før ferien er fredag 19.juni.

Mvh

Svanhild Gjødrem

rektor

